

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til Jernbaneverket sitt framlegg til *Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal*.
2. Fylkesutvalet ser at kommunar og fylke er utelate i kart, billettekst og annan referanse. Slik informasjon bør kome med i den endelege versjonen. Det vil gjere planen lettare tilgjengeleg og søkbar.
3. Hordaland fylkeskommune ser at det er utfordringar knytt til berekraftig bruk av vegen, og meiner det kan vere grunnlag for innhenting av årlege tal for motorløyve og sykkelbruk, slik at mellom anna vedlikehald, slitasje og verknad for villrein kan studerast over tid.
4. Hordaland fylkeskommune vil understreke behovet for ein aktiv strategi for å engasjere samarbeidspartnarar.
5. En legg til grunn at Rallarvegen er staten sin eigedom og økonomiske ansvar.
6. Rallarvegrådet sine oppgåver og innhald må sjåast nærare på, slik at det vert klart kva oppgåver og rolle rådet skal/kan ha med omsyn til planarbeid og oppfølging av planane.